

Årsmelding for Fyresdal Idrettslag 2016

Styret i FIL 2016 har vore:

Leiar	Espen S. Valseth
Kasserar/nestleiar	Elisabeth Gasmann
Skrivar	Camilla Mostervik
BIS-Kontakt	Ann Merete Røed
Trim-kontakt	Anne Mette Momrak
Styremedlem	Torn Armand Støle – fotballgruppa Elisabeth Traldlien – symjegruppa
Skikontakt	Gry Ammlid
Varamedlemmar	Nils Kristian Moe Bente Aamlid
Revisor	Øyvind Aas
Valkomitè	Erling Carlsen Siv Frøydis Hansen Inge Aamlid

Styret i FIL har hatt 5 styremøte samt møte for å fordele tippemidlar og lam midlar. Me har til saman handsama 34 saker.

I 2016 sank det kommunale tilskotet nokså drastisk frå 100.000,- i 2015 til 61.000,-. Dette er eit nokså drastisk kutt i inntektene til ein frivillig organisasjon. Men heldig vis så er signala at me i 2017 er tilbake på «normalt» nivå angående kommunale løyvingar. Grasrotandelen har derimot hatt eit byks til rett over 40.000,- Men det må då nevast at me har frå 2016 begynt å periodisere desse tilskota, slik at noko av dette skulle vore ført på 2015 regnskapen. Framover vil dette derimot verte rektig.

Talet på betalande medlemmar har gått noko ned i 2016, og er no ca 200. Dette må me fortsette å jobbe med i 2017. Ein får håpe at innføring av obligatorsik innregistrering i Min Idrett vil hjelpe til med dette framover.

Noko av det viktigast og flottaste tiltaket som Idrettslaget har vore med på i 2016 er å gje vår støtte til tilbodet om basistrening for ungdom på Sporty. Dette har vist seg å vere ein kjempesuksess. Me har satt av ein post i budsjettet for 2017 og for å kunne fortsette å støtje dette.

Ei lita overrasking kom på oss alle tidleg i januar, då me forstod at me har nytta ein god del meir straum på klubbhus og garderober enn det me forskotsbetaer. Me kan difor vente oss ei ekstra rekning i 2017 for dette.

Drift av klubbhuset og kostnader rundt dette er noko påtroppande styre må ta opp som fyrste sak etter dei er konstituert. Me må her finne ei løysing som er økonomisk forsvarleg for alle.

Sjølv med noko uforutsette utgifter til eigenandel på forsikring, innvolvering og støtte til Basistrening for ungdom så kjem me likevel kun ut me eit underskot på vél 7.000,- Demme må me seier er ganske bra med tanke på det me har fått gjort i år.

Eg vil med dette få lov til å takke for meg etter 4 år i styret, derav ei to siste som leiar.

Espen S. Valseth
Leiar

Barneidrettsskulen:

Årsmelding 2016 Barneidrettsskulen.

Det har vore ein fin sesong for Barneidrettsskulen i år, der mange nye har møtt opp. Totalt har 25 barn mellom 5-9 år vore innom pluss nokre småsysken. Det har variert frå gong til gong kor mange som kjem. Gjennomsnittet ligg på omlag 15 barn.

Det er gjennomført 19 kveldar med både ute- og inneaktivitetar i vår og haust, 8 kveldar med skikarusell i vinter og ein kveld med avslutning før sommarferien. Aktivitetane har vore ridning, gåtur, sykkelstur, fisking, fotball både ute og inne, symjing, mørketur, ulike ballspel, innebandy, klatring, barnegymsj, ringleikar og nissemarsj. Det er moro å arrangere aktivitetar i regi av Barneidrettsskulen når så mange blide, positive, ivrige og engasjerte små og store møter opp kvar tysdag!

Tusen takk til alle som har sagt ja og stilt opp som instruktørar for oss. Utan dykk hadde vi ikkje klart å lage eit så variert program og tilbod i Barneidrettsskulen!

Fyresdal 04.02.2017

Ann Merete Røed
Barneidrettsskulekontakt

Innebandygruppa:

Årsmelding fra Bandygruppa i Fyresdal Idrettslag

To kvelder i uka spiller vi innebandy i samfunnshuset. Oppmøte har variert fra 4 til 15 spillere.

Elisabeth Gasmann

Skikarusellen:

I år blei det satt opp foreldre på dei tysdagane skikarusellen var. Som vanleg saft og kaffi kvar kveld, og me bruka start nummer, dette er stas.

Me starta tysdag 19. januar, då møtte 32 ivrige barn og unge . På det meste var det 55 som møtte :) Holdt på då 7 tysdags kveldar, ikkje veke 8, då er vetterferien.

Laga ei gruppe på fb, dette funka veldig bra. Settte opp liste over kveldar, og kva ein måtte gjere i forkant her. Følk kunne sette seg på "vakt" dei dagane som passa best. Og då såg alle kven som ha ansvar på kvar enkelt tysdag.

Handla kaffi, filter, saft og pappkrus på Matkroken (Nærbutikken) Og ved av Åge Kvasjord, enkelt å hente i Fjellgardane :) La desse inni grillhytta, då me fekk låne denne av Roan 4H, tusen takk til dei !!

Flott at sø mange foreldre stiller opp, nøken kom til og med med muffins !! Då er det bare moro å arrangere :)))

Takkar for lån av anlegg og løyper på Øyane Skistadion !!)

Takk før meg og lykke ti Gry :))

Mvh Janne Teksele
Skikontakt 2014/ 2015/2016